

## Bruk av driftsmidlar Frifond 2017-2018

Os Bridgeklubb fekk hausten 2017 tilsegn om 8436.- i driftsmidlar frå frifond. Støtten denne gongen har i sin heilhet blitt brukt til oppstart av Os juniorbridgeklubb.

Planlegginga av klubben blei igangsett straks etter at tilsegn om pengar var mottatt. I hovudsak var det å skaffa eit eigna lokale (gratis) og å få annonsert/gjort kjent at det ville bli starta opp ein slik klubb i kommunen.

Klubben har tidlegare hatt kurs/samlingar for ungdom på Os Folkebibliotek, og det var naturleg å starta der å høyra om det var mogleg å nytta biblioteket som spelestad. Biblioteket var positiv frå første dag, og det blei gjort avtale om bruk av lokalet seks fredagskveldar i perioden februar – april 2018.

Retten over nyttår gjekk vi i gang med å annonsera tilbudet. Det blei annonsert på både nett og papir i Os og Fusaposten, i tillegg til at avisa òg laga sak på tilbudet.

OS FUSAPOSTEN Tysdag 16. januar 2018 ANNONSAR 15

**KUNNGJERING RUBRIKK**

**Til leige**  
Østing leget for jul i Vikary. Duar, ventilert rmg. t: 98 20 81 14

**Arbeid vert utført**  
**Rørlegger Titledad AS**  
Leiding for oppføring  
Osland, 01-455 68 830  
www.roerlegger-titledad.no

**SJEKK SYNET!**  
Bestill en UTVIDET synundersøkelse  
"Et kan se alle ting som er i verden, men man kan ikke se alle ting som er i seg selv."  
interoptikk  
5200 Os - t: 56 30 18 00  
Bredt 30.18 + Lun 30.15

**Arbeid vert utført**  
AS Innan Taksering/Utland av huskreditt  
Talsperson/Bygghjelp  
Jørn Frøde Larsen AS  
Med tlf 9170 Trøst  
t: 98 20 18 15 - 9170 00 02  
www.bygghjelp-jf.no

**Varmepumpe Vestland**  
Salg, service og montering av varmepumper siden 1995.  
GRATIS befaring ved salg, service og reparaasjon.  
☎ 415 46 650 • vvest.no  
Sveinar Kringlebotten, ☎ 979 91 771  
OS • FUSA • ETNE • HARDANGER  
DAIKIN / MITSUBISHI / PANASONIC / TOSIBA m.fl.

**KURS EIERSKIFTE PÅ LANDBRUKSEIENDOM**  
Dette kurset passer for de som planlegger eller står overfor ferdselskifte av landbruks eiendom og går inn på tema som skatteplanlegging, medlemsrettigheter, forfall, vesner, skatte og annen praksis.  
Tønnekafeén, Fjord senter, Eikelandsosen  
tirsdag 23. januar kl. 19.00  
For mer informasjon og påmelding gå til [www.tveit.no](http://www.tveit.no)  
Obs! Påmeldingsfrist fredag 19. januar.

**No kan du vera med å spela bridge i**  
**Os Junior-bridgeklubb**  
**OPP-START**  
fredag 2. februar kl. 18-21.  
Spørsmål? Ring Torhild tlf. 995 40 604.  
[www.osbk.no/os-juniorbridgeklubb](http://www.osbk.no/os-juniorbridgeklubb)

Annonse Os og Fusaposten tysdag 16. januar 2018.

## Os Bridgeklubb startar eigen ungdomsklubb



**Vil lære bort:** Torhild Rasmussen i Os Bridgeklubb har halde bridgekurs for voksne i lang tid. No skal ho lære kortspelet til ungdom, saman med fleire andre medlemmer i den lokale bridgeklubben. (Foto: Benjamin Segnen Olsen)

– Vi ønskier at fleire unge skal få lære sea

*Sak i Os og Fusaposten (same avis som annonsen)*

I tillegg til annonsering i avisa blei det utarbeidd brosjyre om klubben. Den blei delt ut /sendt til ungdom vi håpte/trudde kunne ha interesse av tilbodet. (Kopi av brosjyren i oppdatert versjon for hausten 2018 ligg vedlagt)

Det blei òg oppretta eiga nettside for klubben, og klubblogo blei laga.



*Eiga nettside for klubben blei oppretta.*



# Os junior- bridgeklubb

*Logo for klubben blei laga .*

Klubben hadde sin første spelekveld fredag 2. februar. Ikkje så mange ungdomar kom denne kvelden, men vi var i alle fall i gang.



*Frå første spelekveld i klubben. Ikkje så mange, men dei som er på biletet her har vore med heile tida etter og på eit vis vore "grunnmuren" i klubben.*

Ettersom vekene gjekk kom det fleire til. Ein og to nye dukka opp kvar av dei første kveldane vi spelte. For nokre blei det med eit besøk ein kveld, medan andre fann seg til rette og blei verande utover våren.

Det var først når vi nærma oss sommarpause i klubben at det verkeleg tok av. Tilbodet hadde då "fått sett seg". Ungdom snakkar med kvarandre og drog med seg vener/veninner.





*Torhild "teiknar og fortel" om bridge. Frå spelekvelden 27. april.*



*Det blei tett rundt borda etter kvart. Her frå spelinga 4. mai.*

Planen var egentleg å spela til og med 27. april, men då var ungdomen blitt så "varme i trøya" at dei ikkje ville gje seg. Ei "ekstraforestilling" blei då sett opp, så vi avslutta med premieutdeling + info komande haust fredag 4. mai.



*Premiar til alle på siste spelekveld før sommaren.*

Klubben vil starta opp at til hausten. Det blir "hardtrening" fram mot skulemeisterskapet i november der vi håper å kunna stilla lag, kanskje fleire lag.

Pr. mai 2018 reknar vi 16 ungdomar som "medlemmer" i klubben. Liste over "medlemmer" ligg vedlagt. Korleis dette skal handterast vidare må vi koma tilbake til. Eigen klubb? Underavdeling av Os BK?

Finansieringa av eit slikt tilbod vil bli ei sak å ta tak i framover. Vi har køyrt alt gratis med pizza på alle spelekveldar og premiering enkelte kveldar. Ein sponsor eller to ville vera bra å få in for klubben.





*Pizza og brus skaper god stemning rundt borda.*

### **Kvit – halv arm**

### **Grå – heil arm**



**Framme**



**Bak**



**Framme**



**Bak**

*T-skjorter blir laga. Håper å ha dei klare før haustsesongen tar til.*

Ettersom tilbudet har blitt meir populært krevs det meir hjelp frå klubbens gamle medlemmer for å få det til å gå rundt. Siste speleveld var vi fem vaksne for å ”halda styr” på dei unge, og kjem det nye medlemmer til i klubben til hausten trengs det nok minst like mange til hausten.



*Gamal og ung rundt bordet. Frå spelinga 4. mai.*

Til slutt må vi få takka alle som har vore med å få klubben opp og gå. Aller mest sjølvstøtt til ungdomane som har vore med å spelt. Utan ungdom – ingen ungdomsklubb.

Dessuta takk til:

Os kommune v/Os Folkebibliotek; Ellinor Engelstad  
Os og Fusaposten /Benjamin Søggen Olsen

Os Bridgeklubb v/  
Linda Rasmussen  
Bjørn Hauge  
Tarjei Vangdal

Mange foreldre

Spesiell takk til:  
Torhild Rasmussen

For Os juniorbridgeklubb  
Leif Juvik, mai 2018